

Pressemelding

Volda, 8.3.2006

Arbeidet med band 2 av Busetnadssoga held fram med bildemøte på Folkestad 15. mars

Første bandet av den nye Busetnadssoga, som dekkjer Dalsfjorden, kom som kjent ut nokre veker før jul i fjor. Boka vart vel motteken og det vart seld 672 eksemplar før årsskiftet. Det er vi vel nøgde med. Også på nyåret i år er det seld ca 80 bøker.

Arbeidet med band 2 held fram. Det vil dekkje Folkestad, Kilsfjorden (inkl. Bjørnaset) og Bjørkedalen, og det er ei målsetting at boka skal kome i løpet av 2006. I praksis blir det nok ikkje før til hausten, men vi tek i alle fall sikte på å sende ut manusutskrifter til alle husstandane for kontroll og supplering i vår.

Band 1 har fått mykje skryt for alle dei gamle bilda som var tekne med. Ein stor del av æra for det skal Dalsfjord Sogelag ha, som gjekk tungt inn i eit bildeinnsamlingsprosjekt i samarbeid med Fylkesfotoarkivet i Møre og Romsdal ved leiaren Ragnar H. Albertsen.

For band 2 må vi gjere bildeinnsamlinga noko enklare. I samarbeid med Albertsen legg vi derfor opp til nokre opne møte, der folk sjølve kjem med eit utval av bilda sine som vi kan bruke i boka. På møtet informerer vi først, før Albertsen avfotograferar bilda og andre medarbeidarar skriv ned informasjonen om dei. Første møte blir i samfunnshuset på Folkestad **om kvelden onsdag 15. mars** (sjå òg annonse i laurdagsavisa).

Dermed kjem spørsmålet om kva for bilde vi er særskilt interesserte i. Det er ikkje heilt greitt å svare presist på. Men som ein kan sjå av band 1 har dei grendevis innleiingskapitla (som er skrivne av Eldar Høidal for band 2) både oversiktsbilde og bilde frå næringslivet (jordbruk, fiske, bedrifter), skulebilde og bilde av/frå lag og organisasjonar.

Frå bustadområda (gardane) har vi så allereie serien med flyfoto frå Widerøe's Flyveselskap frå først i 1960-åra. I tillegg ber vi om å få bruke bilde av tun, setrar, kulturlandskapet og personar knytte til bustadane. Er det bilde frå arbeidslivet, er vi særskilt interesserte i dei, men vi nyttar òg meir vanlege, oppstilte gruppebilde (som det finst mange fleire av).

Som ein kan sjå av band 1 er det vald eit prinsipp for bildebruk i dette sogeverket der *eldre* bilde er prioritert. I praksis tyder det bilde frå første halvdel av 1900-talet eller eldre. Vi avviser likevel ikkje nyare bilde, og vi er ikkje særst interessert i for mange reine atelierbilde av enkeltpersonar eller grupper frå den eldste tida, viss det finst andre bilde som syner personar. Men vi oppmodar alle til å kome og ta med gamle album og bilde i laus vekt (men helst ikkje slike som er i glas og ramme). Så ser vi over bilda saman og plukkar ut dei som vi avfotograferar og som dermed blir med i vurderinga av bilde i band 2 av Busetnadssoga.

*Arnfinn Kjelland
prosjektleder*